



Statens vegvesen

Beate Hindenes
RØSVIKA 13
5914 ISDALSTØ

Behandlende eining: Region vest Sakshandsamar/telefon: Tone Bøyum / 55516792 Vår referanse: 17/47880-6 Dykkar referanse: Vår dato: 14.12.2017

Førehandstilsegn – Fv. 395 – Gnr. 20 bnr. 2 m.fl. – Lindås kommune

Vi viser til søknad av 03.04.2017.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gir vi løyve til utbetring av avkjørsle frå Fv. 395 .
Føremålet med utbetringa er å frådele parsell av gnr. 20 bnr. 2 m.fl i Lindås kommune.

Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

1. Avkjørsla skal plasserast i tråd med situasjonsplan, mottatt 24.04.2017.
2. Løyvet gjeld utvida bruk avkjørsle til ei bueining.
3. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkjørsla skal vere minimum vere 55 meter til venstre i avkjørsla og minimum 65 meter til høgre i avkjørsla. Frisikta må utbetrast, særleg til høgre i avkjørsla. Eventuelle planter og liknande i frisiktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter.
4. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentleg veg.
5. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkjørsel, frisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.

6. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkørsel* underskrivast og sendast i retur.
7. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.
8. Kommunen skal ikkje gjennomføre deling/ kartforretning før endeleg godkjent avkørsleløyve frå Statens vegvesen føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27–4.

Eigaren eller brukaren av avkøyrselen har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkørsle* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekke tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

Bakgrunnen for vedtaket

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkørsel frå.

Statens vegvesen var på synfaring 29.05.2017. Avkøyrsla vart kontrollert og sikta vart målt. Vi målte sikta til rundt 55 meter til venstre i avkøyrsla og om lag det same til høgre i avkøyrsla. Dette er langt under dei krav vi stiller til sikt. Før vi gjev eit avkørsleløyve til utvida bruk stiller vi krav til at sikta vert utbetra.

Vegstrekninga har skilta fart 80 km/t. Vi vurderer ut i frå kurvatur på vegen og vegbreidde på strekninga at fartsnivået er lågare enn dette. Dette samsvarar også med krav som tidlegare er sett på denne del av strekninga. Vi vurderer at farta er høgare når ein kjem frå nord /Hindenes enn motsett retning. Sikta må tilfredsstilla i begge retningar før vi kan gje eit bruksløyve til utvida bruk i avkøyrsla.




Fig. Prinsippskisse minstekrav til sikt

Andre krav vi normalt stiller i avkøyrslar, til dømes krav til helling / stigning, svingradius med meir, reknar vi som oppfylt i denne avkøyrsla.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest PB. 43, 6861 Leikanger eller firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Vedlegg

Veglova [§ 40](#) og [§ 43](#)
Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsle

Statens vegvesens saksnummer 17/47880

Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkjørsle

Eg/vi melder om at avkjørsle frå Fv. 395, hp 1, km 6,964, er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 12.12.2017.

Sted/dato	underskrift søker/grunneigar
-----------	------------------------------

Underskrift utførande entreprenør

Samtykke sendast til: